

Praktisk info for UNGfestival

Det er foreldre som har døgnansvaret for deltakarane i UNGfestival. Deltakaravgifta inkluderer overnatting i klasserom på Førde Barneskule, og kvar elevgruppe må ha med minst ein vaksen. Skulen har kjøkken der ein kan lage til frukost. Det blir veldig sosialt og triveleg!

For at det skal vere trygt for alle, må dei vaksne som er med på tur dele brannvakter mellom seg natt til laurdag og søndag.

Frå skulen er det 5 minutt å gå til Sunnfjord kulturskule og kulturhuset Førdehuset, som ligg vegg i vegg med innandørs gjennomgang mellom bygga.

Timeplan

Timeplanen er publisert på nettsida, endringar kan skje, men grunnstrukturen er:

Fredag: Ankomst, velkomst, opningskonsert, evt. sprell ute i byen under Kulturnattsarrangementet.

Før lunch laurdag er det fellesøker, etter lunch blir det gruppedeling. D.v.s at ein må velge om ein vil på piccolokurs, gulrotkurs, masterclass eller samspel. Etter desse øktene samlast alle igjen, og søndagen er timeplanen lik for alle. Når du går inn på timeplanen, kan du klikke på programpunkta og lese meir om kvar post. Det kan hjelpe deg med å velge. Læraren din og festivalarrangørene kan også hjelpe til med det. Dersom det er for mange som vel det samme, må vi fordele etter skjønn.

Konsertar

Konsertbillettar kan kjøpast enkeltvis, prisen er kr 100/150 per konsert. Vi tek ikkje VIPPS, billettar kjøpast på nett. Dei kjem i salg fra ca. 15.mai. Dette gjelder medreisande foreldre som skal kjøpe billettar.

Deltakarane i UNGfestival skal opptre på avslutningskonserten, der det dei har jobba med saman med Gareth McLearnon blir vist fram. I tillegg skal vi framføre eit veldig spanande stykke av den nolevande komponisten Salvatore Sciarrino. Stykket heiter «Il Cerchio Tagliato Dei Suoni», og har fire vaksne solistar i tillegg til dei unge. Her skal vi arbeide med utradisjonelle klangar og lydlandskap, og heilheta av det blir ei magisk stemning!

Vi oppfordrar sjølvsagt deltakarane i UNGfestival til å få med seg dei store konsertane fredag og laurdag, det er verkeleg flotte artistar vi har fått til festivalen!

Mesterklasse

Etter påmeldingsfristen vil romplanen bli klar, sidan vi er nødt til å sjå på kor store dei ulike gruppene blir før vi bestemmer endeleg plassering. Vi prioriterer elevar framfor foreldre dersom det er for få plassar i lokalet. Foreldre treng ikkje betale for å høyre masterclass der barnet deira spelar.

Mat

For festivaldeltakarar er fire måltid inkludert.

Det er mogleg for foreldre å kjøpe måltidspakke hos Sunnfjord Café og catering, og dermed spise saman med festivaldeltakarane. Prisen for denne er kr 620, og den må bestillast direkte på post@sunnfjordcatering.no seinast 26.mai.

Utstillingar

Under festivalen kjem mange butikkar som sel fløyter og notar, og festivalen er ein veldig god arena dersom ein vil skaffe seg eige instrument. Det vil vere mogleg å teste forskjellige fløyter- noko som er viktig, for alle instrument passar ikkje for alle fløytistar!

Pakkeliste

Fløyte, pusseklut, pussepinne

Notestativ merka med navn

Fint konsertantrekk

Vanlege klede

Yttertøy som passar til vêrmeldinga

Gode sko

Toalettsaker

Liggeunderlag/luftmadrass

Sovepose

Medisinar du brukar

Telefon og lader

Lommepengar

Kortstokk eller anna moro!

Opptak og foto:

Vi appellerer til sunn fornuft og GDPR: Ikkje publisér bilete etter video av andre sine born utan samtykke.